

# Lærarrolla i ulike tider <sup>1</sup>

*Åsmund Lønning Strømnes*

*Pedagogisk institutt, NTNU*

*Arbeidsnotat nummer 2/2007*  
*[www.hio.no/sps](http://www.hio.no/sps)*

---

<sup>1</sup> Fagleg innlegg på seminar for Christer Brusling ved Senter for profesjonsstudier (SPS) 3. mai 2007

Innleiingsvis er det nødvendig å grunngi mitt angrep på temaet. Eg slår derfor straks fast at eg har valt å vere etnosentrisk i innlegget i den forstand at eg vil sjå rolla innanfor den norske kulturen. Å prøve å løfte rolla opp på eit universelt, generalisert nivå, trur eg vil føre til tap av nødvendige referansar og gjere utsegnene og generaliseringane meningsfattige og vanskeleg å kjenne seg att i.

Eg vel altså å fokusere på vår vesle norske stat og vår relativt korte nasjonale historie. Og innanfor denne ramma vil eg vere selektiv. I Edvard Munchs mektige maleri "Historien" i Universitetsaulaen, portretterer han ein bestefar som fortellar, med barnebarnet på fanget. Sjølv sagt er bestefaren ein kvardagslivets lærar, og vi har hatt og vi har tusenvis av slike kulturbærarar og -formidlarar. Det skulle vere ei fin utfordring å granske denne kvardagslivets lærarrolle, særmerka hennar og endringar ved ho opp gjennom tidene. Men det får andre ta seg av. Mitt val er å sjå på lærarrolla innanfor det formalisert opplæringssystemet i landet vårt.

Dette systemet er vidtfemnande. Det omfattar eit langt aldersspenn og fleire arenaer og nivå. Det er ikkje det samme å vere lærar i barnehagen, i grunnskolen, i den vidaregåande skolen og i dei ulike høgare utdanningsinstitusjonane. Eg har valt å samle meg om rolla til lærarar som har undervist på grunnskolen barnetrinn, altså den tidlegare norske allmugeskolen og folkeskolen. Lærarrolla på dette opplæringstrinnet går i alle fall attende innpå 270 år.

På desse åra har samfunnet endra seg fundamentalt, både politisk, økonomisk, sosialt og kulturelt. Og som ein konsekvens av det, men også av andre forhold, har sjølv sagt også lærarrolla blitt forandra. Å vise desse endringane i dag i ein komplett samanheng er uråd. Men dei kan illustrerast ved ein seleksjon av eit fåtal tidsbilde spreidd over perioden. Eg har valt fire nedslagspunkt, det første kring 1830-40, det andre frå 1910-20, det tredje frå 1955-65 og som det siste, tiåret 1995-2005.

Før eg viser tidsbilda, må eg nemne kva eg forstår med omgrepet 'rolle'. Sosiologar ser på rolle som noko som heng sammen med omgrepa 'norm' og 'status'. Dei ser det slik at alle samfunnsmedlemer går inn i sosiale posisjonar som dei kallar statusar. Å vere lærar er ein slik status, til liks med sjåfør, kvinne, son. Ein status er følgt av eit antall normer som definer-

er korleis vi ventar at ein spesiell status vil handle. *Denne gruppa av normer er kjent som ei rolle<sup>2</sup>.*

Samfunnet ventar at lærarane i handling lever opp til bestemte normer, både formulerte og ikkje formulerte. I handling kan læraren anten leve opp til normene og spele rolla som forventta, eller verke til å endre rolla. Gjennom nytenking kan han argumentere for at til dømes endringar i samfunnet etablerer nye normer som han må kjenne seg forplikta til å leve opp til, og dermed føler han at det er nødvendig at han anten justerer tidlegare etablerte normer eller skifter dei ut med nye.

Så over til lærarrolla i primærskolen i dei ulike tidsavsnitt eg har sortert ut.

**Vi startar med tidsrommet 1830-40.** Omstill deg mentalt. Sjå for deg eit fedreland med berre 1.200.000 innbyggjarar, der dei fleste, 90 %, levde på landsbygda. Omtrent ein like stor prosent av barn på landet i skolepliktig alder blei lært opp av ein lærar som vandra rundt frå skolekrins til skolekrins. Vi er i omgangsskolens og allmugeskolens tid. Skolen er kyrkja sin skole. Kyrkja valde ut lærarane. Vanlegvis var det gutar som utmerka seg ved konfirmasjonen. Hadde ein gut som utmerka seg eit fysisk lyte, var han uinteressant for militærtjeneste, men likevel interessant for kyrkja. Hadde han ikkje eit lyte, kunne han likevel sleppe unna militæret ved å forplikte seg til å vere lærarar i 7 år. Den utvalde læraren fekk ei kort opplæring av presten. Normene for lærarrolla var det kyrkja som utforma, og ei oppsummering av dei blei i 1834 ført over i ein offisiell skole-Instrux [...] som spesifiserte kva som var lærarens oppgåver og kva som var kyrkja og staten sine forventingar.

Kyrkja påla læraren at han skulle vere god mot barna og behandle dei fint. Han skulle lære dei kristendomen, knytt til Luthers katekisme. Dessutan hadde han plikt til å lære barna å lese, skrive og rekne. Men dei geistlege rapporterte om at ”de fleste Almueskoleholdere [...] kunne selv kun maadelig læse simpel dansk Tryk [...]”<sup>3</sup>. Retskriving var dei svært ustøe i. Det

---

<sup>2</sup> Haralambos, Michael and Heald, Robin (1980) *Sociology. Themes and Perspectives*. Slough, U.K.: University Tutorial Press Limited. S. 5-6.

<sup>3</sup> Etter Nilsen, Halkild (1953). *Skolestell og folkeopplysningsarbeid i bygdene i Bergens stift 1800-1850*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. S. 49.

blei lagt stor vekt på at barna lærte flid, orden og ”sædelig Opførsel”. For å oppnå slik oppførsel, kunne straff bli nødvendig. Instruxen sa då at ho først måtte vere lemfeldig.

Altså var omgangsskolelærarens rolle å tekkjast kyrkja. Det var nok enklast menneskeleg. Fagleg var det verre. Ein viktig del av rolla måtte bli å dekke over svikten i kunnskapsgrunnlaget, og såleis forestille seg å vere på høgde med det kyrkja venta, men utan å ha reell dekning.

Forventningane til læraren var ikkje berre knytt til arbeidet i skolen. Hos vertskapet der han og skolen var, skulle han ikkje klage, men godta innhysing og kost. Han skulle vise gode manerar, halde seg rein, kle seg ordentleg og vere nøysam. Han skulle vere eit forbilde og eit dydsmønster. Og han måtte ikkje gløyme at kyrkja – og heimen – venta at han heldt oppbygging og husandakt om kvelden. Det var såleis ein del av rolla hans å vere ein truande kristen, og kyrkja sin forlenga arm. Og kopla til slike forventingar var også den at han gjorde sitt beste for å tileigne seg det geistlege, danske talemålet.<sup>4</sup>

Omdømet han fekk i samtida var gjennomgåande til å fortvile over for han. Statusen var lite attråverdig. Ein konfirmant i Samnanger i Hardanger som presten oppmoda til å bli lærar, får slik åtvaring frå mor si:

”[...] ingen som hev helsa til anna arbeid, bør taka til med det. Liti er fortienesta og vanvyrt er yrket, so det er jamen uvisst kven folk held for å vera det største vesalmenne, anten læraren eller legdekallen. [...] [Ingi frisk og fager gjente vil binda seg til ein lærar.”<sup>5</sup>

Nokre prestar såg på lærarar som mismodige og forsagde, merkt av ”krybende Trældoms-aand”.<sup>6</sup> Og dei omtalte dei gjerne som ’Subjecter’, som ”saadanne Subjecter og jammerlige Karle”, som ”Rå og udannede” og som ”maadelig halvdannede Bønder”.<sup>7</sup> Og staten åtvara kommunane mot å gi pensjon til dei, same kor liten han var, sidan det var tvilsamt om dei hadde rett til han.<sup>8</sup>

---

<sup>4</sup> Eit av dei beste eksempla på det gir P. Chr. Asbjørnsen i huldreeventyret ”En søndagskveld til sæters”, der han harselerer med skolemeister Halsten Røen, 32 år, som han treffe på Høvringen sæter.

<sup>5</sup> Halkild Nilsen, *op. cit.*, s. 55, etter Nils Lauvskard 1930.

<sup>6</sup> *Op. cit.*, s. 57.

<sup>7</sup> *Op. cit.*, s. 49.

<sup>8</sup> *Op. cit.*, s. 68. Reaksjonen kom etter at departementet fekk vite at ei kommune hadde gitt ein liten pensjon til ein 71 år gamal lærar som hadde 51 års tenest i skolen.

Oppsummert: Rolla var merkt av samvitsfull lojalitet mot normsystemet og normutformarane. For alt sitt lojale strev fekk omgangsskolelærarane lite og ingen ting att. Løna var ikkje til å leve av. Mellom bygdefolket var dei på ein måte respekterte, men også samstundes vanvørdd. Det hjelpte ikkje samme kor godt dei utførte rolla, så var ho merkt av manglande forsørgarevne, underdaning, servilitet, og vilje til å forankre seg i ein framand kristen-dansk kultur. Lærarrolla likna ei lakeirolle.

**Så flyttar vi fokus 80 år og går fram til 1910-1920.** Noreg er no sjølvstyrt. Innbyggartalet er rundt 2.450.000. 78 % av folket bur på landsbygda. Allmugeskolen er avløyst av folkeskolen som ikkje kyrkja eig lenger. Han er no folket sin skole, og det er den einskilde krins og kommune som styrer han. Dei fleste lærarane utøver yrket i hus som er bygde for formålet. Læraren, kvinne eller mann, har 2 års profesjonsutdanning ved eit lærarseminar, og frå 1902 jamvel 3 år Lærarutdanninga bygde på folkehøgskole, fortsettelsesskole eller amtsskole. Normsettet for lærarrolla kom ikkje lenger frå berre *ein* dominerande leverandør (kyrkja), men frå fleire nye. Normsettet kom no frå folkeskolelova av 1889, frå lokale læreplanar rettleidde av departementssjefens rettleiande planutkast<sup>9</sup>, frå lærarutdanningsinstitusjonane og frå idestraumar og debattar i samfunnet som fokuserte på nasjonal identitet.

Det blir no venta av læraren som undervisar at han formidlar kristendomskunnskap minst ein time kvar skoledag, altså bibelsoga, truslæra og salmeskatten. Men i tillegg skal han ta seg av reiskapsfaga (lesing, skriving, gramatikk og rekning), alle orienteringsfaga (naturfaga med fysikk, geografi og historie) og ferdighetsfag som skjønnskrift og song, og kanskje også kroppsøving, teikning og handarbeid. - På dei fleste skolane er det berre ein lærar.

For læraren som oppsedar er normsettet hans den kristne etikken. I fastskolen, dei nye skolehusa, står læraren no er åleine om *dei* oppgåvene. Ingen i nærsamfunnet har lenger innsyn i kva læraen foretar seg gjennom skoledagen, og ingen kan vere medspelarar i rolleutøvinga. Lærarens kontroll av åtferda til elevane, kan lett få eit militært preg, i samsvar med organiseringa inne i skolen.

---

<sup>9</sup> Bonnevie, Jacob A. (1892) *Folkeskolens undervisningsgjenstande efter skolelovene af 26.juni 1889*. Kristiania: P. T. Mallings boghandels forlag.

I tillegg til undervisnings- og oppsedingsoppgåvene, omfattar no lærarrolla også administrative oppgåver med frammøteprotokoll, karakterbok, protokoll for krinsmøte og meldeplikt til kommunen. Handteringa av dette blir også ein del av lærarrolla.

Lærarrolla er altså merkt av stort ansvar, av autoritet og omsorg. Men ho er også utvida til deltaking i samfunnet utanfor skolen. Lærarutdanninga vekte svært mange av lærarane til å bli aktive deltakarar i det store nasjonsbyggingsprosjektet. I tråd med denne intensjonen utforskar lærarar no lokalhistoria, lokal geologi, lokal botanikk, lokal zoologi og lokal dialekt, og dei skriv om det. Dei argumenterer for landsmålet som opplæringsmål, som dei møtte i folkehøgskolen og blei støe i i lærarutdanninga. Dei får det innført i folkeskolen, og dei skriv barnebøker, avisinnlegg, dikt, noveller og romanar på målet. I frivillige lag og organisasjonar er lærarane aktive, særleg som grunnleggjar og styrar. Nokre er med i bankleiing og dei kjem inn i ei rekke av dei kommunale utvala. Lærarar blir politikar på alle samfunnsplan. Rune Slagstad seier, med ein viss rett, at lærarane no flytta det sosio-kulturelle sentret i bygdene frå kyrkje og prestegard til skolestove og lærarbustad, at dei blei opinionsskaparar, at dei bygde landet politisk, at dei erobra posisjonar i rikspolitikken og at dei blei ein ny elite med folkeleg basis<sup>10</sup>.

Statusen har no fått eit betre omdøme. Men læraren er framleis til dels sterkt omstridd på bygdene. Gjennomgåande har han likevel betra prestisjen sin, sjølv om inntekta hans er dårleg. Han høyrer ikkje heime i bygdesamfunnets øvre lag, og heller neppe i mellomklassen. Han er eit nødvendig innslag i bygdene, og oftast eit respektert og viktig eit (rådgivar, initiativtakar, kunnskapsressurs). Kyrkja kjem sjeldan med kritiske vurderingar eller nedsettande karakteristikkar. Presten lest no vere meir nøgd med læraren etter at han har tapt makta over han.

---

<sup>10</sup> Slagstad, Rune (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag A/S. S. 106.

**Så tek vi steget 50 år opp, til 1955-65.** Då er folketalet auka med ein ny million til 3.500.000. Ein tredel (33 %) bur no i byane, 20 % (700.000) i tettbygde strok på bygdene og resten (55 %; 1.925.000) i spreittbygde strok. Omgangsskolane er borte, og mangedelte skolar er svært utbreidde. Atterreisninga etter krigen er over og oppgangstida har starta.

Det er framleis stor rift om å få bli lærar, konkurransen om opptak er hard. Lærarkorpset i perioden er todelt, etter utdanningsbakgrunn. Den eine delen av dei kjem frå folkehøgskole og 4-årig lærarutdanning, den andre frå eksamen artium og to-årig lærarutdanning. Korpset representerer derfor to kulturar, den eine har m.a. lojalitet mot nasjonsbygging og nynorsk, og er såleis i nokon mon samfunnsretta, den andres lojalitet er sterkt retta mot akademisk daning, altså individ- og bokretta. Flest lærarar er i den siste gruppa. Den rollekomponenten som lærarskolen bidreg med, er stort sett den samme for dei to gruppene. Dei viktigaste normene kjem ikkje lenger frå teologiens etikk, men frå pedagogikken, medrekna utviklingspsykologi og læringspsykologi. Eleven skal no stå i sentrum. Han har optimale, aldersbestemte tidspunkt for å tileigne seg fagstoffet, avhengig av intellektuell utvikling. Rollenormen tilseier at læraren kjenner utviklinga og kan styre læringa ut frå slik innsikt. Folkeskolen arbeider etter Lov frå 1936 og Normalplanar frå 1939. Originale kommunale læreplanar er borte. Nye læringsmåtar er in, som periodelesing, gruppearbeid og individualisering. Fysisk avstraffing er ulovleg. Sentrumsposisjonen som læraren skal gi eleven, må han avpasse mot posisjonen til kristendomsfaget og det profane fagspektret. Lærarrolla krev at normene sameksisterer harmonisk. Men normsettet er konfliktskapande for mange som kjenner at fagleg lojalitet står i motsetnad til lojaliteten til didaktikk, pedagogikk og Normalplan på den eine sida og til kristendomsfagets dominans på den andre. Likevel, læraren er framleis autoriteten, han lagar sine egne opplegg, og rår over undervisninga utan innblanding frå nokon.

Skolen får ei Lov om forsøk i 1954. Ho signaliserer eit ungdomstrinn i folkeskolen. Folkeskolelærarar siktar seg no inn mot ungdomsstrinnet og søker tilleggsutdanning. *Det* blir ein trend i åra frametter. Det veks ein motivasjon i lærarkorpset for kortare skoledag, lettare undervisning, betre løn og høgare verdsetting i samfunnet. Motivasjonen for lærarrolla blir pressa av studierolla. Lærarrolla blir utfordra av karrieremotivet.

Summa summarum: Det todelte lærarkorpset utviklar seg dess åra til eit tredelt. (4-årige, 2-årige og tilleggstudanna lærarar). Lojaliteten mot kyrkja og mot nasjonsbygginga er på sterk retrett, sjølv om mange lærarar framleis utmerker seg med innsats i frivillige lag og organisasjonar i bygda. Generelt er likevel lærarrolla mindre merkt av samfunnsengasjement enn før. Tanken om at læraren i skolen kunne forme framtida gjennom elevane sine, og at han dermed sat med nøkkelen i sine hender til det gode samfunnet, er no gløymt.

**1995-2005.** Folketalet har auka med nesten ein million på 40 år, og ligg rundt 4.400 000. 45 % av innbyggjarane bur no i byar og byliknande tettstader. Urbaniseringa har altså skote god fart, samstundes som samfunnet elles er *totalt* forandra. No har alle nordmenn bil, - flyreiser er alminneleg, TV er i alle heimar, og PC med Internett og e-mail i dei fleste. Telefonen er i ei lomme hos både vaksne og skolebarn. Nordmenns rikdom er påfallande. Landet er attraktivt for menneske i nød og menneske på leit etter eit betre liv. Ved starten av milleniumet var det 20.000 ikkje-etnisk norske elevar i grunnskolen, og det blei undervist i vel 40 framande språk.

Lærarkorpset har endra karakter. Den gamle 4-årige vegen inn i yrket er borte, alle har no eksamen frå vidaregåande skole, men med svakare faglege resultat enn tidlegare. Storparten har 2 års lærarutdanning, ein del har 3 år og eit fåtal av dei 45.000 lærar i barneskolen har 4 år. Meir enn 70 % av alle lærarane er kvinner, i småskolen heile 92 %. Vidare: Ei lærarstilling er ikkje nødvendigvis ei *heiltidsstilling* slik ho var det for 40 år sidan. Ein tredel av lærarane har no *deltidsstillingar*, og av desse er 85 % kvinner. Langt fleire enn før er lærarar i store skolar, i byar og tettstader. Heile 50 % av skolane har meir enn 300 elevar, berre 10 % av dei har mindre enn 100. Fleire lærarar enn nokon gong før har derfor eit kolleganettverk som kan gi eit vern for rolla. Og langt fleire enn for 40 år sidan opplever no dagleg innsyn i rolleutøvinga frå kollegaer, administrasjon og foreldre.

Rolla sitt profesjonelle normsett er no henta frå pedagogikken – inkludert didaktikken – frå psykologien, sosiologien og antropologien. Lærarens handlingar i skolen skal vere styrte av normsett frå desse disiplinane, og det betyr at han skal vere ein rettleiar, ein som ser fleire sider ved ei sak, ein meklar, men også ein idébank. I praksis gjer rolla han kanskje til ein praktisk pedagog som skjuler fagleg kunnskap og autoritet. I så fall kan han jamførast med



kapteinen som let mannskapet styre både last, lei og fart. Sume meiner rolla ber meir preg av funksjonær og kameleon enn av pedagog.

Barneskolen som arbeidsstad er for dei fleste lærarar meir kompleks som system enn nokon gong før. Lærestoffet er mindre forankra i planar og lærebøker fordi Internett veks opp som eit substitutt. Læraren styrer mindre i klassen enn før, elevane bestemmer meir. Skolen blir anklaga for at læraren lærer elevane for lite, og for dårleg, fordi han sjølv kan for lite, og for at krava er for små og arbeidsinnsatsen deretter. Media er blitt ei vaktbikkje, og kritikken slår ned på at skolen er ein stad å vere meir enn ein stad å lære. Lærarrolla er utsett for uvant kritikk, ho er for utydeleg, for ettergivande, for fagleg ukyndig og for didaktisk naiv. Elevane skal ha ansvar for eiga læring, og læraren undrar seg over og prøver å finne ut kva *det* betyr for hans rolle. Og over læraren og skolen står politikarane på det høgaste nivået og gjennomfører reformer og snuoperasjonar. Med raus hand bestemmer dei medisinen, som er endringar av undervisningsplanane. Det har aldri skjedd så hyppige endringar som no. Og dei blir forsøkt gjennomført etter samfunnsvitskaplege metodar og med byråkratisk lojalitet.<sup>11</sup>

Tida og politikken har sett lærarrolla under sterkt ytre press, og lærarar endrar didaktiske normer som dei har kjent som forpliktande, og tilpassar seg nye. Samfunnet ser på endringsprosessen som nødvendig sidan det normsettet lærarrolla var styrt av, blei vurdert som utilstrekkeleg – og kanskje uheldig – *for utviklinga av samfunnet*, som presiserer at Noreg i den globale konkurransen treng kunnskapsrike borgarar.

Men lærarrolla er ikkje berre ei rolle for opplæringa. Ho har alltid også hatt ein svært sterk relasjon til oppseding. I dag er oppsedingsnormene i lærarrolla blitt komplisert. Den kristne religionens etiske kodeks har framleis karakter av å vere norm<sup>12</sup>, men er under press både frå postmoderne idear og frå andre religionar. I skolesituasjonar der læraren burde gripe inn som oppsedar, opplever han motivkonflikt og ser ikkje kven som kan støtte han. Han spør seg om det er humant å bli hersa med av elevar? Kan eg gripe inn, og korleis kan eg gripe inn? Kva for verkemiddel kan eg bruke? Kva slags sanksjonar vil bli aksepterte, av eleven, av

---

<sup>11</sup> Bachmann, Kari Elisabeth (2005). *Læreplanens differens. Formidling av læreplanen til skolepraksis*. Dr. polit. avhandling. SVT-fakultet 2005:20. Trondheim: NTNU

<sup>12</sup> Sjøå *Læreplan for grunnskole, videregående opplæring og voksenopplæring. Generell del*. (1994). Oslo: KUF. S. 5, første avsnitt.

overordna, av foreldra? Handteringa av oppsedarrolla kan bli ein psykologisk og traumatisk verkebyll for læraren.

### **Finale**

Eg har forsøkt å vise nokre særtrekk ved lærarrolla ut frå mi innleving i og forståing av tidsavsnitta eg har valt ut. I beste fall gir min omtale av lærarrolla kanskje ein forholdsvis brukbar karakteristikk. Men det er all grunn til å føye til at lærarrolla er individuell, og at det er opp til den einskilde å forkaste og akseptere normer. Det er heller ikkje slik i livet at det gode som eg vil, det gjer eg – alltid. Det er brotne kvistar i alle skogar. Vi bør derfor alltid rekne med ei svær variasjonsvidde i korleis det normsettet blir praktisert som rolla skal avspegle.